

---

**Fra:** Arild Hagenes <arildhagenes@icloud.com>  
**Sendt:** torsdag 14. januar 2021 17:33  
**Til:** Sigrid Fivelstad  
**Emne:** Dks

- Alver Kulturråd synest planen er informativ, lettelsen, klårt strukturert og språkleg sikker, så det er lett å ta inn stoffet.
- Tilhøvet mellom det nasjonale, regionale og lokale nivået er tydeleg forklart og forståeleg.
- Det går tydeleg fram at målet med DKS er å gje elevane tilgang til kulturutøving på profesjonelt nivå innanfor dei sjangrane som er omtala.
- Derimot er det vel ikkje heilt klårt kva rolle dei frivillige laga og organisasjonane kan bidra med, dvs. våre medlemmer. Men det står noko om "frivillige lag og organisasjonar som ynskjer å tilby eit DKS-opplegg" (s. 12).
- Altså kunne planen ha sagt noko meir og litt tydelegare korleis våre medlemmer kunne bidra.
- For Kulturrådet ser det ut som at det er dei frivillige laga innanfor hovudsjangeren kulturvern som her har størst spelerom, særleg i det faste opplegget som kommunen skal ha for 4.-7. klassesteg. Eg går ut frå at dei nemnde sogelaga og lokale musea som er nemnde, har vore inne på dei tre ulike kommunale opplegga tidlegare og at den nye planen er ei vidareføring av desse aktivitetane. Men ut frå målsetjingane burde det jo vera rom for større medverknad både frå kystlag, husflidlag og mållag.
- Korleis våre medlemmer innanfor musikk og visuell kunst kunne bidra, er det ikkje sagt noko om. Dei to elitekorpsa i kommunen må reknast som profesjonelle aktørar, og kunstlaget har kompetanse på utstillingar.

Arild Hagenes  
Leiar, Alver Kulturråd

Sendt fra min iPad